



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 61. ÅRGANG, 2022



Slidredomen blir ein flott plass
for 1000 års-jubileum og fredsgudsteneste
29. juli 2023

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Volbu sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Rogne sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
Tirsdag 25. oktober 2022

Framsida: Slidredomen
Foto: Ola Døhl



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang , Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresødegård Skattebu

PROSTEN HAR ORDET



Valdres i 1000 år – jubileumsår og feiring i 2023

Sankt Olav reiste gjennom Valdres i 1023. For hundre år siden var det stort 900-årsjubileum i Slidre der kong Haakon var med. Nå har tusen år gått siden Olavs Valdresbesøk og tida er inne for å jubilere. Dette blir en del av de mange markeringer fram mot Nasjonaljubileet i 2030.

Vi håper det kan bli opplegg i alle Valdres-kommuner i løpet av året. Her er det mye å ta fatt i både for sokneråd og historielag, i skolens undervisning og andre sammenhenger. Vi ønsker ikke bare å se bakover, men også se på hvordan vi kan ta med de byggende verdier for våre lokalsamfunn og vår nasjon. Da må en også våge å se kritisk på den framferd som kong Olav hadde samtidig som vi ser det grunnlag som ble lagt for enkeltmenneskers verdi, gode lover, rettferdighet og kirkens plass i våre liv.

Olsok, lørdag 29. juli 2023 blir det en hovedmarkering, og vi håper at kongehuset vil være representert ved feiringen. Planen er at vi starter med et åpent arrangement ved Tingsteinen i Slidre. Derfra vandrer folket opp til Slidredomen der det blir fest- og fredsgudstjeneste. Hit kommer også de som er på pilegrimsferd fra øst over åsen fra Øystre Slidre. Forhåpentligvis kan vi få til prosjektkor og spennende musikkframføring.

Nå har jeg stor fornøyelse av å lese om jubileet i 1923 i gamle utgaver av avisa Valdres. Det var flere tusen som møtte fram. Været var ikke det beste, men taler og sanger var det mange av. Biskopen skulle også holde langt om lenge holde sin tale, men referatet forteller at han ordnet det på en annen måte.

Etter gudstjenesten fortsetter Olsokfeiringen på Valdres Folkemuseum på Fagernes.

Det er mye planlegging som gjenstår. Er det gode ideer og ønsker om å bidra i planlegging og gjennomføring så gi beskjed til noen i prosjektgruppa som består av prosjektleder Eivind Brenna, kirkeverge i Øystre Slidre, Ove Ekerbakke, kirkeverge i Vestre Slidre, Veslemøy Kvamme, kulturrådgiver i VNK, Ingebjørg Mo, representant for historielagene, Katharina Sparstad, direktør ved Valdresmusea; Ole Aastad Bråten, kirkeverge i Nord-Aurdal, Aud-Karin Hovi og prost Carl Philip Weisser.

Biskop Bjonness Jacobsen skulde saa holdt en tale for kirken og fedrelandet: Det er et vakkert emne jeg har faatt aa tale over og jeg vil takke hr. ordf. Alfstad som har sendt mig det; men nu lir det saa langt paa kveld og forsamlingen har hørt saa mange taler. Jeg tror jeg vil glede H. M. med den tale jeg nu vil holde, for jeg vil nemlig ingen tale holde; men jeg skal glede forsamlingen med at de kanske i morgen kan faa læse denne tale, som jeg her har indskrevet paa papiret, i bladene »Valdres«, »Vestopland« og kanske i en del hovedstadsaviser. Talen kommer i »Valdres«.

- Carl Philip

Pilgrimsdans i Rogne Kyrkje

Dans og lyre: Silje Onstad Hålien
Orgel og piano: Rune Tylden
Feler og fløyte: Andreas Ljones

TEKST: MARTHA VIKEN

Å referere frå ei slik spesiell oppleving er heilt umuleg, dette lyt sjåast, høyrast og opplevast!

Ingen ord og skrivi kan rettferdiggjera det kvar og ein av oss opplevde, sansa og følte og var med på denne uvanlege timen i Rogne kyrkje denne haustkvelden!

Eg er glad eg hadde funne meg ein plass på galleriet, der sat eg mest åleine og hadde svært godt utsyn til det som gjekk føre seg.

Lyset i kyrkja var svært spesielt, det farga alt i raudt og blått, og desse fargane gjev oss fiolett. Døypefonten, altaret og preikestolen hadde ekstra lys på seg.

Prosten vår ynskte velkomen til ei flott oppleving med dans og musikk og til samtale etterpå i Kyrkjestogo om bruk av kyrkja og kyrkjerommet med kaffe og noko attåt.

Så høyrde me varsam klokkeringing, nydeleg slik berre Jon Gunnar får klokkene til å kime. Så varsame klunk frå fela inni altarringen, djupe tonar frå orgelet som tek opp same temaet som ekko frå fele til orgel aukar musikken i styrke. Heilt stille, berrføtt i ein enkel raud/brun kjole kjem dansaren. Ho lyfter hender og andletet mot taket i undring og glede, musikken blir rolegare, dansaren lyttar og set seg attmed felespelaren, og orgelet let som fløytetonar.

Dansaren bevegar seg mot altaret, i kordøra stansar ho og dansar litt halling, og både felespelaren og orgelet fylgjer på med folkemusikkinspirert musikk. Plutseleg er dansaren komen opp på galleriet. Der balanserar ho på rekkverket ved orgelet og rører ved den flotte lysekrona som heng der, ho svingar lysekrona i takt med musikken. Som ein «kuriositet» er det onkelen til bestefar hennar som har smidd denne vakre lysekrona.

Rørande er vandringa og oppdaginga av døypefoten, der ho møter det livgjevande vatnet. Ho kjenner på det, let det renne mellom hendene, vaskar seg rein, blir trøyt og legg seg til å kvile.

Både på venstre og høgre sida av midtgangen er det sett opp lemmer der dansaren og felespelaren får utfolde seg i dans og musikk. Etterpå får me sjå ein livlig dans med både spretne hallingkast og springdans, og ekstra flott er det å høyre orgelet kastar seg inn i halling- og springartakt.

No kjem ein litt «vill leik» der dansaren og felespelaren leiker gøymsei i benkeradene. Organisten spelar no på pianoet og musikken stig og fell og blir med dansarane i leiken.

Den siste delen av framføringa fører fram til det endelege målet, og til tonane av salmen: «Eg veit i himmelrik ei borg»,

kjem dansaren inn kledd i raudt slør. Sløret virvlar rundt og fer som flamar mot altaret, ho kastar frå seg heile sløret, går roleg inn mot altaret, tek opp eit instrument der og blir med i musikken. Så set ho seg på altarringen, hallingtakter får ho til å gå rundt i ring i takt, -så blir ho borte ei stund.

Plutseleg er ho komen opp på preikestolen, ikledd raude sjal som om ho sender bod ut til heile verda om kva ho har opplevd på pilegrimsferda si! Orgeltonane bruser og fyller heile rommet, sluttakkordane set verkeleg punktum for ei flott oppleving!

All ære til dansar og dei to musikarane. Eg har i alle høve ikkje høyrte slik teknisk og fantastisk bruk av orgel og fele gjennom ein heil time!

Applausen vil ikkje ende ta. Eg har verkeleg vore med på reisa hennar og ikkje minst musikken gjennom glede, undring, natur, over fjell og dalar, møtt mange utfordringar på vegen, møtt kjærleiken, sorga og synda og reinsinga mot møtet med det heilage og bodskapen dei vil gje oss.

Det var godt å koma saman i Kyrkjestogo etterpå, drikke kaffe og høyre samtala, både om kva dei einskilde hadde opplevd og kva som høver seg og ikkje i ei folkekyrkje i år 2022.

I panelet sat: Andreas Ljones, Silje Onstad Hålien, Carl Philip Weisser, Jon Gunnar Solhaug, Knut Aastad Bråten og Jostein Enger.

Alle i panelet hadde engasjerte innlegg som førte til ei interessant samtale.

Silje fortalde at bakgrunn for denne førestillinga var at desse to musikarane ho har med seg, hadde fått eit oppdrag til opninga av den nye Haslum kyrkje i Bærum. Ho vart beden om å vera med. Dei ville gje ei ny og spesiell oppleving som skulle omfatte heile kyrkjerommet.

På spørsmål om kva ho la i dansen, svara ho at det er ikkje så viktig, det som er viktig er kva kor og ein av dykk opplever! Dette er ei ordlaus oppleving som alle kan ta del i!

Alle som uttala seg var veldig positive og gav ros til utøvarane. Dette er kunst, og kunst har det vore rom for i kyrkja til alle tider, musikk likeeins. Alle veit me at fela, hallingkast og springar ikkje var vanleg før. Nokon hengde seg opp i leik, men kva er leik? Som lærar er leiken den beste metoden me har for læring, innleving og medkjensle m.m.

Det er vanskeleg å setje grenser for kva som høver seg i kyrkjerommet, men konklusjonen vart vel at alt som skal framførast i kyrkja skal framførast med respekt og omsyn til at ein er i eit heilagt hus som betyr mykje for mange.



Avskjed med biskop Solveig høsten 2022

Kyrkjebladet har fått tilsendt eit intervju med biskop Solveig gjort av redaktør i Løten menighetsblad, Amund Sigstad. Vi har valt å bruke dette i staden for andakten denne gongen.

FOTO: HALVARD BJØRKÅS TEKST: AMUND SIGSTAD

Når ble du ansatt som biskop? Hvordan ble du mottatt i bispedømmet?

Jeg ble vigslat til biskop i Hamar domkirke 17. desember i 2006. Da kom jeg fra stillingen som personalsjef ved Hamar bispedømmekontor etter 12 år som sokneprest i Løten. Jeg opplevde å bli tatt imot med tillit, vennlighet og raushet.

Hadde du et motto og en programerklæring ved tiltredelsen?

Jeg hadde med meg et ønske om å formidle evangeliet slik at mennesker kjenner at det berører og gir styrke og håp. Jeg hadde, og har et motto: «Ei kirke for alle». Altså ei kirke som er til stede i lokalsamfunnet, ei folkekirke. Jeg har ofte brukt lignelsen om sennepsfrøet som Jesus fortalte til å fargelegge dette. Lignelsen forteller om frøet som blir til ei stor plante, et tre med greiner der det er god plass for fuglene.

Dette kommuniserer godt med Hamar bispedømme sin visjon: Hellige rom for alminnelige liv. Visjonens formuleringer sier at folkekirka tar utgangspunkt i folks alminnelige liv og inviterer til å forstå og tolke livet i lys av evangeliet om Jesus Kristus. Å ta utgangspunkt i menneskers alminnelige liv med lengsler og behov er en programerklæring: midt i folks liv skal kirka være, for å vise at Gud er der også.

Hvilke utfordring og oppgaver møtte deg i eget bispedømme, eller i hele kirke-Norge?

Den første utfordringen var å likestille heterofilt og homofilt samliv også med en rituell handling i kirken. Jeg ga min støtte til kjønnsnøytral ekteskapslov som kom i 2008. Fra første februar i 2017 ble likekjønnede ønsket velkommen til ekteskapsinngåelse foran alteret, og ett minutt over midnatt ble det første homofile paret viet her i landet, i Eidskog kirke. Det kjennes naturlig at det første ekteskapet med to av samme kjønn ble inngått her i Hamar bispedømme.



Flere av våre biskoper har vært med å rydde vei slik at kirken nå fremstår som en åpen folkekirke; Kristian Schjelderup og Georg Hille i innsatsen for kvinners prestatetjeneste. Og ikke minst Rosemarie Köhn som også huskes for sin kamp for likestilling og deriblant homofiles rettigheter. Det var banebrytende da hun gjeninnsatte Siri Sunde i tjeneste i februar 1999 etter at Sunde i 1997 hadde inngått partnerskap mens hun var i tjeneste som kapellan i Nordre Land, og som en følge av det ble permittert i stillingen. Og endelig, i 2017, er alle kirkedørene i vårt bispedømme åpne for alle som ønsker å gifte seg i kirken. Jeg er glad for at dette skjedde på «min vakt».

En av de største endringene i kirken i min periode er at vi ikke har en statskirke, men en grunnlovsforankret folkekirke. Den nye loven om trossamfunn innebærer mange muligheter for samarbeid og samhandling i et livssynsåpent samfunn. For vi lever i et samfunn i endring. Befolkningen endrer seg både i by og bygd og vi får flere med ulik etnisk bakgrunn. Det fordrer åpenhet, gode kulturmøter og dialog om

identitet, kultur og religion. Spennende!

Gjennom medlemsundersøkelser vet vi at kirken står sterkt i Hamar bispedømme. Sju av ti innbyggere er medlem i Den norske kirke og tallene er veldig stabile. Undersøkelsene viser også at kirkebyggene er viktige for folk.

Det har skjedd viktige endringer og framskritt i Den norske kirke de siste tiårene. Men livsvilkårene for mennesker med LHBT+identitet er et samfunnsproblem langt ut over Den norske kirke. Jeg har derfor forsøkt å bære engasjementet også ut over det indrekirkelige ved å søke allianser hos politikere, samfunnsinstitusjoner, organisasjoner, hos andre kirker og trossamfunn og på tvers av landegrensene.

Kjernesaker i din tid som biskop.

En av kirkens viktigste oppgaver er å peke på at urett angår oss alle. Kirken må velge ståsted ved å se den enkelte – og bekrefte deres verd. Derfor har jeg hatt et stort engasjement for menneskeverd og rettferdighet. Likestilling og likeverd i kirke og samfunn har også alltid vært viktig for meg. Dette engasjementet har jeg hatt med meg inn i bispegeringen. Det er preget av at jeg ofte tenker på hvordan Jesus møtte mennesker med respekt og at møtene førte i livets retning.

«Urett angår oss alle» speiles også i mitt engasjement for papirløse flyktninger, asylbarna og kvinner som utsettes for vold. Blant annet er jeg Den norske kirkes representant i styringsgruppen for kampanjen «Rød knapp- Stopp vold mot kvinner» og jeg har tidligere vært styreleder i Vake kirkelig ressurscenter mot seksuelle overgrep.

Vil vi være en kirke som bringer håp, og forkynner budskapet om den store gleden for alt folket, må vi våge å nærme oss menneskers livserfaringer.

Hva har du vært mest fornøyd med? Hva har gledet deg mest?

Da vil jeg trekke fram visitasene der jeg har møtt folk i alle aldre. Det har vært til stor glede og inspirasjon. Uansett hvor jeg er, også i andre anledninger møter jeg folk som er engasjerte og glade i kirka si. Dette gjenspeiler seg også i medlemsundersøkelser. Det er sterkt å oppleve dugnadsinnsats, iherdig og planmessig vedlikehold og jeg vil også si: sorgen når en kirke brenner.

I løpet av min periode har trosopplæringsreformen blitt innført over hele landet. Den har gitt oss mulighet til å skape gode aktivitetstilbud og møteplasser for barn og unge i lokalsamfunnet.

Jeg vil også trekke fram gode samarbeid på tvers med ulike samarbeidspartnere. Slik har vi fått til større satsinger i forbindelse med bokåret, ved olsok og nå som arrangement på veien til Nasjonaljubileet 2030.

I kirken kommer vi ofte i berøring med folks følelser. Da har jeg ofte opplevd hvordan sang og musikk kan nå inn, forsterke glede og lindre sorg. Jeg har stor glede av musikken, møtene med utøverne og få oppleve betydningen

musikken har. Det er en stor glede hver dag å tenke på hvordan kirkemusikerne våre og alle andre av kirkens ansatte legger til rette og gjør sitt beste for at folk skal få gode opplevelser i møte med kirkas tilbud og aktiviteter.

Saker eller forhold som du gjerne ville hatt ugjort?

Kirka skal være et sted hvor folk skal kunne komme med livene sine. Da er det viktig at folk har tillit til kirkens øverste ledelse. Som biskop er jeg ikke alene. Det er svært gode fagpersoner på ulike fagfelt som er knyttet til bispedømmekontoret og Den norske kirke. Også i bispekollegiet har jeg gode folk jeg kan ta opp krevende saker med. Det er ingen ting jeg angrer på, men noen ganger har jeg tenkt at ting kunne vært sagt eller gjort på en annen måte. Det betyr ikke så mye så lenge det ikke går ut over noen, men kan ta fokus bort fra det jeg egentlig ønsker å formidle.

Vi har registrert at nye utfordringer og krav dukker opp til siste arbeidsdag. Er dette krevende å håndtere på slutten av din periode som biskop?

Jeg vet ikke akkurat om at det er noe spesielt nå ut over at det arbeides med framtidig kirkelig organisering. Av og til

kan det være debatt om saker slik som om Teater Innlandets oppsetning nå i høst, men det fører til ordskifter som jeg opplever er viktige og nødvendige mer enn krevende.

Har du noen gode råd til din etterfølger? Hvilken kurs ønsker du at den nye biskopen skal ta?

Nei, jeg har ingen råd å gi her. Det kan tenkes jeg kan kviskre noen råd direkte til den nye biskopen. Jeg ser med forventning fram til at en ny biskop skal begynne. Jeg er trygg på at vi får en framoverlent og god biskop!

Har du noen forventninger til din nye livssituasjon?

Jeg håper å kunne dyrke vennskapets gleder og muligheter. Kanskje gå på kafé på en vanlig hverdag og ikke minst ha mer tid til barnebarna og familien ellers.

Ser du og din familie fram til å flytte tilbake til Løten?

Vi ser fram til å ta i bruk huset vårt som har vært utleid. Det blir rart å flytte fra Hamar og det gode bomiljøet vi har hatt stor glede av i Olav Myntmesters gate. Nå ser vi fram til nye dager i Sletmoveien.

MIN SALME



«Stor er din trofasthet»

Great Is Thy Faithfulness er en populær salme, skrevet av Thomas Chisholm og komponert av William M. Runyan.

Uttrykket «stor er din trofasthet» kommer fra Klagesangene 3.23 i Det gamle testamentet:

«Den (Guds godhet) er ny hver morgen, din trofasthet er stor.»

Jeg er beriket med et vakkert sted i Valdres. Jeg ser ut over Guds skaperverk, med farger og liv. Volbufjorden speiler himmelens skjønnhet, og så mange mennesker rundt meg viser meg stor omsorg og gir meg mye glede. Jeg kan ikke ha det bedre!

Det er håp for i morgen, og når vi søker Gud er vi trygge i Hans hender

- Kirsti Elisabeth Riddervold

Stor er din trofasthet,
Herre og Fader,
skiftende skygge når aldri din sti.
Du er den samme, din miskunn er evig, slik
som du var, skal du alltid forbli.

Refreng:

:/: Stor er din trofasthet, :/
dag etter dag ga du nåde på ny. Himmelske
hender gir alt jeg behøver. Trofaste Herre, hos
deg har jeg ly.

Tidene skifter med dager og netter, soler og
stjerner har oppmerket gang. Syng, all hans
skapning,
og pris ham som styrer.
Lov den allmechtige Herre med sang.

Refreng

Nåde for synder og fred uten like, Mesterens
omsorg til støtte og stav, styrke for dagen og
håp for i morgen, signing for barnet, som Gud
tar seg av.

Refreng

«Jordens sang og sjelens klage»



TEKST OG FOTO: ELI VATN

Slik byrja Leif Gunnar Engedal artikkelen sin om økosorg og klima-angst. Vakkert skildrar han skaparverkets venleik som ein lovsong, og korleis mennesket syng med i liner som: «Herre, vår herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda, du som har breidd ut din glans på himmelen!» (Sal 8,2) Han spør så om songen har fått ein annan tone, at han no er meir å likne med eit rekviem over vår blå-grøne jord. Og om kva som då skjer med vår sjelelege helse.

Vi legg utsikta utover Volbu bak oss når vi tek av frå Kvamsvegen og inn i skogen. Songen hos oss lyder fortsatt vakker der Volbu ligg fredeleg i formiddagssola, med åkrar som alt er grønne etter andre slåtten.

«Vi sit jo på den grønne greina i verda», peiker Leif Gunnar på.

«Ja, det ser i alle fall slik ut dersom vi ikkje tek vegen over Løkjishøvda», må eg svare.

Det er liten tvil blant klimaforskarar om at ekstremværet vi òg så vidt har fått smake kjem seg av ubalanse i klimaet.

Eg har bede med meg Leif Gunnar Engedal, pensjonert professor i teologi og sjelesorg på MF, som introduserte meg til omgrepa klimaangst og økosorg. Han har også hytte øvst i Volbu.

Økosorg var eit godt ord; det sette ord på noko eg kjende att, og eg ante ein ny, meir håpefull, kanskje forløysande måte å sjå på trusselen mot klima og økosystemet på kloden vår. Det tek på alvor ei kjensle eg kjenner att; hos meg sjølv, men som eg og kjenner att hos andre; ei fortviling, sorg, og redsle for framtida. Det håpefulle ved å sette fokuset på sjela si helse, er at vi kan noko om sorg, noko om korleis vi forstår og handterer sorg. Det forklarar fornekinga, sinnet som ikkje alltid rettar seg i konstruktiv lei, apatien. Det er alvorleg når 4 av 10 unge menneske ikkje vil setje barn til verda fordi dei ikkje vil by nokon det livet dei ser føre seg i tida som kjem.

«Mange opplever at økosorga ikkje vert anerkjend som verkeleg sorg. Difor saknar vi også meningsberande ritual for den slags sorg som økosorg er», held Leif Gunnar fram. «Vi har ritual når vi mistar nokon vi er glad i, og det hjelper oss til å handtere kjenslene, etter kvart akseptere situasjonen, reorientere oss og koma vidare i livet.»

Når Leif Gunnar peiker på dette, slår det meg at våre ritual ved tap av nokon vi er glade i også har som formål å forsone seg med tapet. Økosorg minner meir om det vi kallar ventesorg som pårørande til menneske med demens eller livstruande sjukdom. Vi har sorg for det som vi ser kome, men det er for tidleg å forsone seg med det endelege tapet. Og i høve til klimaet skal vi ikkje forsone oss med det! Vi skal bruke krafta i sinnet til å kjempe mot øydeleggingane. Det slår meg at sinnet ofte ikkje får utløp i handling retta mot klimaøydeleggingane, men at det ofte blir retta mot dei som påpeiker at klimaet står i fare.

«Forneking kan og vera ein del av ein sorgprosess, vi skyv sorga over tapet frå oss i staden for å ta det på alvor. Og slik kan vi halda fram med ein levemåte som øydelegg vårt eige livsgrunnlag. Det er eigentleg irrasjonalt og skremmande», fell Leif Gunnar inn.

«Er det berre grådighet det handlar om?» spør eg.

«Sorg har ofte islett av skuld», peikar Leif Gunnar på. Eg kjem på rusmisbrukarar i 12-trinnsprogrammet som må stå ved sine feilgrep, fortelje dei til eit menneske som ein del av tilfriskninga. Det er oppreisning i å vedkjenne skuld; vi reiser oss som det mennesket som veit betre, som også står ved vår etiske standard! Det er mykje frigjering til å handle slik vi tenker er rett i syndsvedkjenning.

Kan det og handle om at det er for stort for oss å ta inn over oss, for overveldande å kunne handle i forhold til? Saknar vi både rituelle og verksame handlingar vi har tru på?



Vi har snudd ved eit nedfalle tre, og vi har så smått byrja å snakke om kva vi kan gjere! Leif Gunnar fortel om si «grønne» spalte i det lokale kyrkjebladet, eg fortel om påtenkt grøn kursserie om mellom anna berekraftig hagedrift. Han fortel om ein fin liten grønsakhage heime i Modum og solcelletaket som gjev ein straumgevinst på eit par tusen kroner i månaden. Vi må kan hende revurdere vårt romantiske syn på skifertaket i prestegarden i Volbu. Eg fortel om hønene mine og om planer om meir nyttehage den dagen eg vert pensjonist.

Med denne vendinga i samtalen kjennest mitt neste spørsmål nesten irrelevant, men i mine håplause stunder har eg kjent meir på spørsmålet om Gud kan gripe inn på underfullt vis, at naturen har krefter vi ikkje veit om. Sjølv om eg har mindre tru på berre å setje seg ned å be, veit eg at å be kan verka beroligande og opne håpsdøra litt.

Og der er Leif Gunnar tydeleg; «sovepute-bøn» er han ingen tilhengar av! Dersom tanken om at Gud skal «skape ein ny himmel og ei ny jord» gjer oss passive slik at vi ikkje engasjerer oss i kampen mot det som øydelegg livsgrunnlaget, er vi på ville vegar. Mottoet må vera: «Tro, håp og handling!». La oss leite saman etter eit handlekraftig håp.»

Den siste stubben nedover deler vi gleder over barnebarn som trass dystre framtidsutsikter er i emning! Livets lov, kallar Leif Gunnar det. Livet, Gud, meininga som presser seg fram trass i tunge tankar og håpløyse!

Gullkonfirmantar

Søndag 11. september møttest vi ved Rogne kyrkje – 24 finpynta og lett spente gullkonfirmantar. Vi fekk ei fin og høgtidsstemt gudsteneste før vi samla oss i kyrkjestogo. Praten gjekk lett rundt bordet, og vi vart oppfordra av Eli prest til å fortelja om oss sjølve og kva vi hugsa frå konfirmant-tida. Det var så ymse vi hugsa!

Det var vel ikkje dei store livs-spørsmåla vi fortalde om, men heller dei små og kvardagslege hendingane- som å sykle til konfirmantundervisninga på Tingvang, eit og anna spetakkel i friminutta, bading i Heggefjorden – kort fortalt, det som pregar livet til ein ungdom som snart skal bli konfirmant. Det var flott å møte alle saman. Takk til prest og sokneråd for denne fine markeringa. Og takk til alle som møtte opp på denne store festdagen!

Tekst og foto: Anne Marthe Hesjadalen

Fremste rad frå venstre:

Anne Marie Mørstad, Solveig Odrun Prestrud, Astrid Olaus (Bolstadbråten) Røine, sokneprest Eli Vatn, Anne Marthe Hesjadalen, Kari Hegge og Per Arne Bakken

Andre rad frå venstre: Randi Helene Skrebergene, Grete Marie Rogne, Knut Melby, Anne Gro Fuglesteg, Geir Melbye og Olav Amund Lie

Tredje rad frå venstre: Bjørg Eva Gjerdingen, Sidsel Hedalen Berntsen, Anne Marit (Hillestad) Hålien, Solveig Karin (Hoviosen) Amlien, Per Arne Nerstad, Torgeir Hovda og Kari Berger Skaar

Bakerste rad frå venstre: Magne Presthegge, Normann Helle, Kjell Trandokken, Hallgeir Hovi og Vigdis Melbye Klemmetsrud



Stølsmesser

– Skreostølen

24. juli Hegge sokn

tekst og foto: Liv Astrid Reinlie

24. juli hadde vi stølsmesse på Skreostølen, hos Anne-Kari Gjerdalen og Ole Kristian Oldre.

Noen valgte å gå en tur i området før messa; godt guida av Bjørn Robøle og Arnstein Alund.

Da Eli prest var syk, tok Gunvor Hegge og Marit Hegde over helt på sparket. Vi fikk ei fin stund med salmesang, langeleik-spill og tekster lest fra Bibelen.

Vel 35 personer kosa seg i finværet med fantastisk utsikt og hyggelig prat til kaffe og gode kaker.

Vi takker spesielt Gunvor og Marit, samt det hyggelige vertskapet og deltakere fra Hegge sokneråd.



Tord, Anne-Kari og Ole Kristian tek imot på stølen.

– Hødnstølen

14. august Lidar sokn

tekst og foto: Sissel Dahle Lie



14. august møttest vel 40 personar til stølsmesse på Hødnstølen. Arne og Kjellfrid Lykken stilte stølen sin til disposisjon. Flottare kyrkje skal ein vel leite lenge etter, midt i fjellheimen med Bitihorn som næraste nabo. I tillegg var det sol frå ein nesten skyfri himmel. Arne opna med å fortelje litt om stølslaget. Magne Olav Selland spelte hardingfele og munnharpe. Prestevikar Ellen Oddveig Rudi held gudstenesta.

Det var også dåp denne sundagen. Etter gudstenesta var det kyrjekaffe. Det vart ein flott dag for både kropp og sjel.



– Sørre Trøllåsen

7. august Volbu sokn


tekst og foto: Liv H. Skjel og Morten Haugseth
foto til høg: Eli D. Skattebu

Sundag 7. august var det klart for stølsmesse i Volbu sokn.

Denne gongen var vi hjå Oddvar og Hildur Vingdal på Sørre Trøllåsen. Sjølv med litt lett duskregn møtte det fram heile 96 personar med smått og stort. Ja, for denne dagen var det to dåpsfylgjer! Gudstenesta vart leia av prestevikar Ellen Oddveig Rudi og Magne Olav Selland spelte.



Det var ikkje alle som stoppa til kyrjekaffe, men baksten var god og kaffen varma både kropp og hender. Liv takka vertskapet med ei heimelaga gåve frå soknet.



– Etnlie

16. august Rogne sokn

tekst og foto: Kjetil Hovi

Turen til Rogne sokn si stølsmesse i år gjekk oppover Kollstadbygda, gjennom fleire stølslag og til det innerste stølslaget, Etnlie. Frå Tansberg bikkar vegen nedover, og midt i augesyn ser vi ein støl med raudmåla sæl, kvitt stakittgjerde, vimpel til topps og Etna som renn så fint i dalbotnen. Her har Merete Moe støl og var vertskap for stølsmessa saman med foreldra sine og Rogne sokn.

Det var ein strålende fin dag, litt kald vind kanskje, men det gjekk godt an å sitja ute. Rundt 40 personar ville oververa dette, eit av summarens høgdepunkt for mange. Både stølsbuarar, bygdafolk og hyttefolk samla seg i trøa utanfor sælet.

Eli Vatn forkynte om livets under. Så vart det dåp. Iver Engen vart døypt av prest Eli, med foreldre, fadderar og storebror Odin rundt seg. Odin var særskilt flink til å ta av Iver dåpslua. Så kom den fine dåpsalmen: «Fylt av glede over livets under». Magne Olav Selland spelte fele til salmane og som prelude spelte han ein lått på munnharpa. Tonane bar godt i sommarsola. Stølsmessa vart avslutta med kaker og kaffe. Det er sosialt og hyggeleg å vera saman på stølsvollen etter ei stølsmesse. Takk til vertskapet for at de tok så godt imot oss. Ei fin stund med utsikt mot fjell og vatn.



Ordinasjonskonsert med Gyda Trio

TEKST OG FOTO: GUNVOR HEGGE

«Solveig er ein fantastisk prest og ein fantastisk musikal», sa Carl Petter Opsahl under ordinasjonskonserten til Solveig Vatn Weisser i Volbu kyrkje søndag 17. juli.

Solveig var tidlegare på dagen ordinert til prest under ei gudsteneste i Vang kyrkje, og i ordinasjonskonserten fekk vi oppleve den musiske sida hjå den ferske presten.

Grappa Gyda Trio består av Solveig Vatn Weisser, Carl Petter Opsahl og Torhild Larsen Nygård, og denne kvelden hadde dei også med seg Thomas, broren til Solveig, på orgel. Trioen møttest på Menighetsfakultet der Carl Petter underviser og Torhild og Solveig studerte saman.

Torhild Larsen Nygård kjem frå Feda i Agder og song tradisjonsstoff derifrå, medan Carl Petter Opsahl som kjem frå Oslo, hadde



Gyda Trio saman med Thomas Vatn Weisser.

vore i lære hjå Aslak Brimi og tolka Gudbrandsdalslåttar på klarinett. Solveig trakterte både langeleik og hardingfele i god Valdres-tradisjon, og i tillegg spelte ho eit stykke på ei kinesisk fløyte.

Musikarane hadde sett saman eit flott og variert program med solo- og samspel. Fleire av låttane starta med ein langeleiklåt,

og etter kvart føydde songen og bassklarinetten seg inn i stemninga som var sett frå starten. Vi fekk høyre kjende salmemelodiar som la seg fint oppå langeleikspelet, krydra med spennande og god improvisasjon frå jazzmusikaren.

Carl Petter Opsahl hadde laga ein heilt ny lått som han kalla Solefallslåtten. Han

hadde vore på Jaslangen og høyrte Mari Boine nokre dagar tidlegare, ein konsert som for han vart ei sterk oppleving. Carl Petter uttrykte ei sorg over kva kyrkja har påført samane og den samiske kulturen, og inspirert av konserten laga han eit stykke som han og Solveig framførte saman.

Siste nummeret på programmet var ein voggesang frå Vinland, eller Amerika; What a Wonderful World, mest kjent gjennom innspelinga til Louis Armstrong. Torhild hadde omsett sangen til norsk, og framførte han mjukt og vakkert til akkompagnement frå dei andre.

Konserten var ei god blanding av tradisjonsmusikk, salmetonar og jazzinspirert improvisasjon som musikarane balanserte på ein framifrå måte. Dette vart ei flott markering av inngangen til prestegjeringa til Solveig. På kyrkjeveg ynskjer henne lykke til både som prest og musikal!



Orgelet i Volbu kyrkje

TEKST OG FOTO: MAGNE OLAV SELLAND

Volbu kyrkje har som Lidar og Hegge, eit orgel som er produsert av Norsk orgel og Harmoniumfabrikk i Snerthingdal. Orgelet i Volbu vart bygt i 1962 og har 9 stemmer: rørfløyte 8', principal 4' og oktav 2' i I manual; gedakt 8', rørfløyte 4', principal 2' og kvint 2 2/3 i II manual og subbas 16' i pedal. Før dette hadde kyrkja eit orgel med 5 stemmer og eit manual



Fasade orgelet i Volbu kyrkje.

frå Olsen & Jørgensens orgelfabrikk bygd i 1920. Dette er same produsent som bygde orgelet i Rogne kyrkje og det som stod tidlegare i Hegge. Dette orgelet var gitt som ei gåve av Ola Hedalen til minne om far hans som var lærar og kyrkjesongar i Volbu. Kyrkja vart då i samband med ei restaurering i 1919/20 noko utvida for å få plass til instrumentet.

«Heilt fyrsteklasses gudsteneste»

Sundag 21. august var alle fyrsteklassingar inviterte til kyrkja. Frå Lidar skule møtte fire og frå Rogne skule 9 spente fyrsteklassingar. Dei deltok på «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» saman med prestevikar Ellen Oddveig Rudi og trusopplærar Marianne Straum. Dei fekk «Mi kyrkjebok 6» av sokneråda. Vi ynskjer alle dei flotte borna lukke til på skulen. - M. Straum



ROGNE KYRKJE

Frå venstre: Viktor Byrløkken, Eivor Klevgård Hovi, Marie Bakke Vestheim, Amalie Aarøen Haugen, Jonas Flatmo Aasbakken, Amanda Bø Wangen, Martin Skaret.

Desse har òg fått bok: Ola Kjetil Fjelltun, Maria Fjelltun Scott og Theodor Heensåsen Fauske. - Foto: Mariann Straum



LIDAR KYRKJE

Frå venstre: Birk Lien-Lyhus, Jostein Eckhoff-Brager, Andreas Hagen-Blomlie og Friedemann Goretzka.

- Foto: Mariann Straum



KYRKJELEGE HANDLINGAR JULI - OKTOBER 2022

DÅP

ROGNE KYRKJE

Ylva Lihagen Melbye
Amalie Hilsen Hambro
Rahim Nordli Holden
Tinde Hålien

ROGNE SOKN

Frida Nordsveen Myrvold (Bilie)
Iver Engen (Etnlie)
Fie Kahrs-Karlsen (Holmenkollen kapell)

VOLBU KYRKJE

Even Strand
Olivia Steinsrud Howells
Josefine Vågsæter Weisser

VOLBU SOKN

Ludvik Bjørnødegård Skattebu (Sørre Trøllåsen)
Bendik Skattebu Alund (Sørre Trøllåsen)

HEGGE STAVKYRKJE

Magnus Sørflaten Bolstad
Kaja Alexandra Håvi Skrindsrud

LIDAR SOKN

Vinster Ellingbø Viberg (Haugseter)
Wilhelm Tofte Rindal (Hødnstølen)

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE

Georg Bråthen
Olav Steinsrud
Knut I. Rogne

ROGNE SOKN

Reidun Lisa Olafsen

HEGGE STAVKYRKJE

Kari Wårum
Sverre Nicolay Hansen

HEGGE SOKN

Geoffrey Hands Rudd
Kari Reidun Rudd

LIDAR KYRKJE

Kristine Skoglund

VOLBU KYRKJE

Morten Lagrud Meisdalen

VIGSEL

ROGNE KYRKJE

Martine Gustavsen Nysveen
og Bjørn Arild Haugen

HEGGE STAVKYRKJE

Ida-Christine Rødningen og Ole Vidar Nordtorp
Ingunn Krogvold Fystro og Atle Ådnebergli
Nina Braaten og Øyvind Dahle

LYSKAPELLET

Malin Christiansen Hagen og Dan Morgan Setra Ovan
Cecilie Bjørnaraa og Bjørn Inge Sørensen
Mona Kristin Hyseth og Emil Hansen

LIDAR KYRKJE

Mari Eide og Anders Nøstdahl Gløersen
Ida Cathinka og Martin Budal
Jorunn Eldrup Evju og Karsten Krog Sæbø
Barbro Hegge og Geir Alstad

VOLBU KYRKJE

Indre Grusnytte og Ola Magnus Vatn Weisser

VELSINGNING

HEGGE STAVKYRKJE

Marlene Enger og Agnar Bakken

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Oktober

23 10 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

30 10 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med dåp ved prost Carl Philip Weisser

30 10 2022 Hegge stavkyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med dåp ved prost Carl Philip Weisser

November

06 11 2022 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Helgemesse ved sokneprest Eli Vatn

20 11 2022 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med dåp ved prost Carl Philip Weisser

20 11 2022 Volbu kyrkje kl. 19.30
Songgudstenest ved prost Carl Philip Weisser

27 11 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med dåp ved sokneprest Eli Vatn

Desember

04 12 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

18 12 2022 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Vi syng jula inn ved sokneprest Eli Vatn og konfirmantane

24 12 2022 Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2022 Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2022 Hegge stavkyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

25 12 2022 Hegge stavkyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2022 ØS Helsetun kl. 16.30
Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

FULLDISTRIBUSJON

25 12 2022 Volbu kyrkje kl 19.30
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser.

31 12 2022 Volbu kyrkje kl 15.00
Nyttårskonsert

Den gyldne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

14. november og 12. desember i Rogne kyrkjestogo kl. 19.00

Babysong

24. oktober og 29. november i Rogne kyrkjestogo kl. 11-13.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Pusterom

31. oktober, 21. november og 5. desember i Volbu kyrkje. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Helgemesse 6. november

Er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnst dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året.

Vi les opp namna tenne ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden. Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sagn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane. Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørge fargen. Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar.

Sjølv om dei pårørande til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten er messa for alle.

Messa er for heile Øystre Slidre i Hegge kyrkje 6. november kl. 19.30.

Namna minnelund

Namna minnelund er ganske nytt i Noreg, og den fyrste vart oppretta i Bærum i 1997. Etter dette har denne formen for gravlegging vorte stadig meir populær, og i 2021 vart den fyrste gravplassen i landet med berre minnelundar opna.

I Øystre Slidre har vi i dag to slike minnelundar. Den fyrste vart sett opp øvst på kyrkjegarden ved Lidar kyrkje, og seinare har det vorte etablert ein ved Hegge stavkyrkje. Det er også planar om å få til ein slik minnelund ved Volbu kyrkje. Likeins er det også planar om å etablere ein slik i Rogne, men det er nok eit år eller to fram i tid.

På ein minnelund er det ikkje individuelle gravminne, men eit felles minnesmerke med namneplater der ein også set inn fødsels- og dødsår. Det er kyrkjekontoret som har ansvaret for plantning og vedlikehald, men ein kan setje ned blomster og tenne lys. Det er planar om å få sett opp benkar ved minnelundane slik at ein kan setje seg ned i fred og ro.

Viss ein vel å bruke denne minnelunden, betyr det at ein ikkje har noko arbeid med å stelle gravene, men ein har likevel ein plass å gå til.

- Kyrkjeverje Ove Ekerbakke



Konsert i Lyskapellet ved Carl Petter Opsahl lørdag 19. november kl. 18

Carl Petter er en av landets mest allsidige og originale klarinettister som har spilt inn plater med Caledonia Jazzband, Chateau Neuf Spelemannslag og Tord Gustavsen. Denne høsten utgir han ut sitt sjette album, Kyrkja.

Konserten i Lyskapellet vil ha preg av advent, med vakre melodier fra norsk folkemusikktradisjon og smakebiter fra albumet. Inntekten av konserten går til Kirkens Bymisjon. Billett kr. 200,- selges ved inngang.